



**Det er hevda at dansekveldane i Helgheim nærmast er berre for etablerte par.
Det er slett ikkje sant, strekar Berit Harriet Døssland under for uskedalen.no**

Ho er initiativtakar sammen med mannen Ivar Kåre og slår fast at kveldane sjølvstøtt er opne for alle.



Rundt 25 swinga seg i kveld.

- Slik har det vore til no og vi har då også sett eit innslag av einslege, seier Berit Harriet i ein av pausene i dansen i kveld. Dei kunne ikkje bli lange, for temperaturen var ikkje akkurat høg!

Denne swingkvelden var noko rama av sjukdomsforfall, men Berit Harriet og Ivar Kåre var likevel fornøgde med oppslutnaden.

Riundt rekna 25 swinga seg og dei kom så og seia frå heile Kvinnherad, slik arrangørane ønskjer det.

Det var danseglade både frå Husnes, Valen, Herøysund, Rosendal og Uskedalen. Og såg ein nærare på dansarane kom ein til at det faktisk var eit visst overskot av menn!

Det vart ein ny triveleg kveld der det også var viktig å halda varmen! Med andre ord var 'rolege' dansar mindre populære enn vanleg...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Liv Djuvstad og Leif Bernis, også dei frå Husnes.